

# KYRKJEBLAD FOR OS



*På Kyrkjeflaten etter folkedansmessa 2003*



**LES I DETTE  
NUMMERET:**

- \* Kyrkja – betre enn sitt rykte? ..... s. 2
- \* Kysten- fra kysthospital til ortopedisk sjukehus ..... s. 8-9
- \* Nøtteliten barnehage ..... s. 16

# Nøtteliten barnehage

*Mange foreldre og born kjenner Nøtteliten barnehage på Søfteland. I 1999 var barnehagen i ferd med å bli lagt ned, men ei nyetablert stifting med Søfteland indremisjon og Os sokneråd som initiativtakarar overtok drifta. Med dei nye rammevilkår for drift og utbygging av barnehagar, vedtok stiftinga å bygge ny og større barnehage på Søfteland. Barnehagen vert ferdig no i sommar og vil frå hausten ha 5 avdelingar. Barnehagen har utvida kristen målsetting.*

- Utvida kristen målsetting; er dette ein heildags sundagsskule ? Vi spør styrar Wenche Aabakken.
- Nei, barnehagen er som andre barnehagar, med leik, turar, samlingsstunder. Men vi har dei kristne verdiane i botn og vil òg formidle den kristne kulturarv vi har gjennom både songar, forteljingar osb. Når vi førebur jul, er det ut frå vår kristne tradisjon. I samlingsstunda ein gong i veka, brukar vi ei historie frå Bibelen som forteljing. Skal borna seinare kunne ta stilling til kristendom og tru, må dei ha kunnskap å gjere sine val på.
- Set de særlege krav til dei som skal arbeide i barnehagen ?
- Vi har dyktige medarbeidarar; pedagogiske leiarar, førskulelærar og assistentar. Dei veit kva verdigrunnlag barnehagen har og går inn i arbeidet på det grunnlaget. Dei brukar sin kompetanse med å utvikle ein god barnehage på borna og foreldra sine premissar. Vi har eit nøkkelord: TRIVSEL der kvar bokstav står for ein verdi: T=tryggleik, R=respekt, I=identitet, V=verdiar, S= Samspel, E=engasjement, L=Leik og læring; til saman: T-R-I-V-S-E-L.
- Kor mange born er det plass til?
- Til saman nærare 90 plassar fordelt på 4 avdelingar + "Huset i skogen".
- Huset i skogen ??
- Ja, den 5. avdelinga er ei naturgruppeavdeling som får eit eige hus i skogen bak sjølve barnehagen. Hovudaktivitet er utandørs; utforske natur og tur i skog og mark, osb.
- Kan alle søke plass, og kva er prisen?
- Vi følgjer same satsar som kommunale barnehagar. I Os er det samordna opptak for både kommunale og private barnehagar, og søknad går gjennom kommunen.
- Da ønskjer vi lukke til med ny barnehage.

*Gerhard Hansen*

